

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 20.06.2011
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Forslag til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus**

Arkivsak
2011/261/
Styresak 076/11 B

Styremøte 22.06. 2011

Forslag til vedtak

Styret sluttar seg til framlagt utkast til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus og ber om at dette blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt Helse Vest RHF om å utarbeide eit forslag til mandat for eit utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus. Mandatet skal utarbeidast i samarbeid med tilsette og brukarar ved sjukehuset og med kommunar i området.

Helse Vest har gjennomført ein prosess der tilsette/brukarar og kommunane i to omgangar har kome med innspel til mandat og organisering av prosjektet. Endeleg mandat skal fastsettast av Helse- og omsorgsdepartementet.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte 1. desember 2010 sak 123/10B – *Modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde HF*. Saka omfatta det framtidige tilbodet ved sjukehuset i Nordfjordeid og blei oversendt Helse- og omsorgsdepartementet ved brev av 15. desember 2010. I føretaksmøtet i Helse Vest RHF den 28. april 2011 blei det gjort følgjande vedtak relatert til Nordfjord sjukehus:

“Føretaksmøtet stadfester styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, vedrørende samanslåing av fødeavdelingane ved Nordfjord og Volda og lokalisering av den felles fødeavdelinga til Volda med følgjande tillegg: Samanslåinga skal først setjast i verk når Kvivsvegen opnar. Det skal gjennomførast ein lokal forankringsprosess for å etablere ei jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus.

...

...

Føretaksmøtet legg til grunn at indremedisinsk akuttberedskap ved Lærdal og Nordfjordeid sjukehus oppretthaldast som i dag.

Føretaksmøtet endrar styret for Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 123/10B, 1. desember 2010, slik at det vert etablert døgntilgjengelige laboratorietenester ved Lærdal og Nordfjord sjukehus.

Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF skal medverke til å opprette lokalmedisinske sentra for Sogn og Nordfjord i samarbeid med kommunane.”

Av protokollen frå føretaksmøtet går det vidare fram at Helse- og omsorgsdepartementet har bestemt at det skal opprettast eit nasjonalt prosjekt ved Nordfjord sjukehus for å utvikle sjukehuset som eit tidsmessig lokalsjukehus for Nordfjord. Prosjektet er også omtala i brev frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF dagsett 12. mai 2011 og i revidert nasjonalbudsjett, jf. Prop 120 S *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2011*.

Prosjektet skal utviklast i samarbeid med kommunane i Nordfjord-området og ha eit samhandlingsperspektiv. Prosjektet vil bli tilført 25 mill kroner årleg i tre år som særskilt tilskott til Helse Vest RHF. Desse midla skal nyttast til investeringar, kompetansehevande tiltak, evaluering og lokal administrasjon av prosjektet. Departementet har lagt til grunn at prosjektet vil skape varig aktivitet, at det skal opprettast ein ruseining ved sjukehuset i Nordfjordeid og at ein skal vurdere ein utviding av psykiatritilbodet.

Helse- og omsorgsdepartementet vil fastsette mandat for prosjektet og har bedt Helse Vest om innspel til prosjektmandat innan 23. juni 2011. Innspel til mandat skal vere resultat av eit samarbeid med tilsette og brukarar ved sjukehuset og med kommunane i området.

Ved brev av 20. mai 2011 bad Helse Vest om innspel til mandat og organisering for prosjektet. Vi mottok i alt 15 tilbakemeldingar og med bakgrunn i desse samt dei føringar som var gitt frå Helse- og omsorgsdepartementet gjennom føretaksprotokollen og ovannemnde brev av 12. mai 2011, utarbeidde Helse Vest utkast til mandat og organisering som blei sendt på høyring den 9. juni 2011.

Innan høringsfristen som var satt til fredag 17. juni mottok vi i alt 16 høringsuttalar som alle følgjer saka som vedlegg. Ein oversikt over høringsuttalene med kommentarar følgjer av vedlegg 3.

I tillegg til uttale frå dei interessentane som er blitt tilskrivne, har Helse Vest også motteke uttale frå ein gruppering som kallar seg "Helsefaggruppen i Nordfjord". Grupperinga har etter det Helse Vest er kjent med inga formell forankring mot dei berørte kommunane eller andre, og Helse Vest har i dokumenta i saka ikkje gitt særskilt kommentar til grupperinga si uttale. Dokumenta motteken frå grupperinga er like fullt gjennomgått som del av saksførebuinga og følgjer saka som vedlegg.

Kommentarar

Helse Vest registrerar eit stort engasjement kring denne saka, og at det blant interessentane er kome tydelege tilbakemeldingar på at ein forventar endringar på ein del sentrale punkt. Hovudtema i tilbakemeldingane er særleg knytt til

- omfanget/avgrensinga av prosjektet
- finansiering av ruseininga
- deltaking/styring av prosjektet

Når det gjeld omfanget av prosjektet, er det mellom anna peikt på at slik Helse Vest sitt mandat er utarbeidd blir det i for lita grad fokusert på lokalsjukehusfunksjonane og utvikling av desse, og det blir krevd at det blir gjort ein fornyta vurdering av kva aktivitetar lokalsjukehuset skal tilby inkludert kirurgi/ortopedisk aktivitet. Det blir i tilknytning til dette vist til at dei statlege føringane er tydelege og sterke når det gjeld lokalsjukehusa sin breiddekompetanse, likeverd og kvalitet i tilbodet.

Helse Vest har oppfatta Helse- og omsorgsdepartementet slik at det ikkje er utviklingsprosjektet si oppgåve å gjere ei fornyta vurdering av kva spesialisthelsetenester sjukehuset skal tilby. Dette er fastlagt gjennom føretaksmøtet sitt vedtak av 28. april 2011. Når føretaksmøtet har teke initiativ til eit prosjekt for å utvikle sjukehuset som eit tidsmessig lokalsjukehus, må det vere å forstå som ei utvikling innafør dette vedtaket og med eit klart fokus på utvikling i relasjon til samhandlingsreforma.

Helse- og omsorgsdepartementet har i føretaksprotokollen frå føretaksmøtet 28. april 2011 særskilt omtalt oppretting av ein ruseining ved sjukehuset i Nordfjord som ein del av utviklingsprosjektet. Helse Vest registrerar at dei i fleire samanhenger er blitt stilt spørsmål ved om rustilbodet skal kunne finansierast av prosjektmidlane. Helse Vest er i dialog med Helse- og omsorgsdepartementet om at deler av midlane kan nyttast til dette formålet. Det blir samtidig viktig at ein i prosjektet synleggjør omfanget av dette og kva midlane elles blir nytta til.

I høringsuttalane er det eit gjennomgåande ønske om sterkare lokal deltaking og styring. Helse Vest har i sitt framlegg lagt vekt på at organiseringa av prosjektet er basert på ein god balanse mellom RHF/HF, kommunane, dei tilsette og brukarane. Prosjektet omhandlar utvikling av ein institusjon innanfor spesialisthelsetenesta, og Helse Vest kan vanskeleg sjå at andre enn Helse Vest/Helse Førde har dei leiande posisjonane i prosjektet.

Helse Vest har i forkant av styrebehandlinga gjennomført drøfting av saka med dei konserntillitsvalde/konsernhovudverneombod.

Vedlegg:

	Dagsett	Innspelsrunde
1 Forslag til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus	21.06.2011	
2 Oversikt over høyingsinnspel	21.06.2011	
3 Brev frå HOD til Helse Vest	12.05.2011	
4 Brev frå Helse Vest til kommunar i Helse Vest og Helse Førde	20.05.2011	
5 Innspel frå Medisinsk faggruppe Nordfjord	31.05.2011	Runde 1
6 Innspel frå Nordfjordkommunane	01.06.2011	Runde 1
7 Oversendingsbrev frå Helse Førde til Helse Vest, med innspel	01.06.2011	Runde 1
8 Helse Førde - invitasjonsbrev brukarar	23.05.2011	Runde 1
9 Helse Førde - invitasjonsbrev tilsette	24.05.2011	Runde 1
10 Innspel frå Nordfjord BUP	30.05.2011	Runde 1
11 Innspel frå KTV Delta Kirurgisk klinikk	01.06.2011	Runde 1
12 Innspel frå HR-avdeling NSH	27.05.2011	Runde 1
13 Innspel frå Kirurgisk klinikk Helse Førde	30.05.2011	Runde 1
14 Innspel frå Medisinsk klinikk Helse Førde	27.05.2011	Runde 1
15 Innspel frå Nordfjord Psykiatrisenter	udatert	Runde 1
16 Innspel frå Kjøkken NSH	30.05.2011	Runde 1
17 Innspel frå Stab og støtte Helse Førde	udatert	Runde 1
18 Innspel frå Den norske legeförening, Helse Førde	31.05.2011	Runde 1
19 Innspel frå tilsette og leiarar ved Nordfjord sjukehus	31.05.2011	Runde 1
20 Innspel frå Nordfjordrådet	01.06.2011	Runde 1
21 Innspel frå FFO Sogn og Fjordane	02.06.2011	Runde 1
22 Innspel frå Husøkonom ved Nordfjord sjukehus	02.06.2011	Runde 1
23 Brev frå Helse Vest til kommunar i Sogn og Fjordane og Helse Førde	09.06.2011	Runde 2
24 Høyringsuttale frå Helsefaggruppen i Nordfjord	15.06.2011	Runde 2
25 Høyringsuttale frå Nordfjordrådet	17.06.2011	Runde 2
26 Høyringsuttale frå Fysioterapiavdelinga Nordfjord Sjukehus	18.06.2011	Runde 2
27 Høyringsuttale frå Føde/gynavd. Nordfjord Sjukehus	17.06.2011	Runde 2
28 Høyringsuttale frå Brukarutvalet i Helse Førde	16.06.2011	Runde 2
29 Høyringsuttale frå Laboratorie mikrobiologi blodbank ved Nordfjord sjukehus	17.06.2011	Runde 2
30 Høyringsuttale frå Hud poliklinikk NSH	18.06.2011	Runde 2
31 Høyringsuttale frå Husøkonomavdelinga Nordfjord sjukehus	18.06.2011	Runde 2
32 Høyringsuttale frå Operasjon-og anesthesiavd. Nordfjord sjukehus	18.06.2011	Runde 2
33 Høyringsuttale frå Serviceseksjon ved Nordfjord sjukehus	17.06.2011	Runde 2
34 Høyringsuttale frå Medisinsk seksjon Nordfjord sjukehus	18.06.2011	Runde 2
35 Høyringsuttale frå Medisin-, ortopedisk-, gynekologisk poliklinikk NSH	18.06.2011	Runde 2
36 Høyringsuttale frå Medisinsk sengepost ved Nordfjord sjukehus	18.06.2011	Runde 2
37 Høyringsuttale frå Ortopedisk seksjon Nordfjord sjukehus	17.06.2011	Runde 2
38 Høyringsuttale frå Nordfjord psykiatrisenter	17.06.2011	Runde 2
39 Høyringsuttale frå Tillitsvalde ved Nordfjord Sjukehus	17.06.2011	Runde 2